

Lite besøk på Oska.

28.02.2017



Berre 5 let seg frista av denne søndagsmiddagen.

Det var stor glede i bygda då det vart kjent at Roy Lervåg skulle opne restaurant i vertshuset på Sandakaien i Uskedalen. Etter det har vi berre høyrt godord om den fantastiske maten SmakifråOska tryllar fram på kjøkkenet. Derfor var besøket på arrangementa restauranten lokka med sist veke både overraskande og skuffande.



Og sist søndag var det ulike variantar av fastelavensbollar som dessert.

Torsdag var det komlemiddag, og så var det quiz fredag, skreifest laurdag før det vart avslutta med søndagsmiddag. Berre quizen hadde godt besøk.

- Det var den best besøkte quizen vi har hatt med unnatak av julequizen, fortel Roy Lervåg og kan fortelja om både gjengangarar og nye lag blant deltakarane.
- Quizkveldane har hatt ei fin utvikling. Mange bestilte også quizmat som var Shepards Pai, og det var ein veldig kjekk kvedd.

Dei tre resterande dagane kan han fortelja om skralt besøk. Berre 5 på komlemiddag, 4 på skreikvelden og berre 5 på søndagsmiddag. Roy Lervåg er naturleg nok skuffa over slike besøkstal. Han trur kanskje starten på vinterferien kan vera noko av årsaka, men langt frå alt. Han håpar på betre besøk framover og har mykje både kjekt og godt å by på.

Tilboda har også vore godt gjort kjent. På nettet har det vore både på facebook og her på Uskedalsida. I tillegg har det vore godt synlege plakatar både i Sandavegen og inne i Sparbutikken som har stått oppe bortimot 2 veker.. I morgen kjem nye plakatar om komande arrangement opp på dei same stadene. Neste komlemiddag er 16.mars. Så følgjer quiz, skreifest og søndagsmiddag som perler på ei snor. Laurdag 18.mars arrangerer

Husnes Jazzklubb konsert med Christina Dahl quartett i Dønhaugkjedlaren. For dei som ønskjer det, kan det vera ein fin anledning til om kombinera den opplevinga med eit godt fiskemåltid på Oska i forkant.



[1.april er det klart for Jazzverket. Sist dei spela på vertshuset i 2011 var det fullt hus og kjempestemning!](#)

Litt seinare på våren ligg det til rette for flotte jazzkveldar på Oska. 1. april er det klart for dei dyktige musikarane i Jazzverket. Det garanterer god stemning og svært publikumsvennleg, svingande jazzmusikk. Denne gongen har dei med seg trompetisten Vegard Døssland som for tida held til i Oslo. Sjølv om han er lokal, kan han m.a. visa til at han var beste trompetist i NM for solistar både i 2011 og 2012. I mai er det klart for nytt storfint jazzbesøk. Då kjem Ole Amund Gjersvik og Marita Moe Sandven som [innvia SmakfråJazzscene i april i fjor](#), tilbake.

Vi gler oss til det som skjer på Oska framover våren og håpar på godt besøk. Vinter- og vårprogrammet finn de ved å klikka [HER](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto frå facebook-sida til Smakfrå.